

Utval for natur og næring har behandla sak 9/2025 i møte den 18.02.2025

Behandling

Utvalsleiar Jon Anders Hefte orienterte om saka. Saksbehandler Ellen Haakonsen Karr svara på innkomne spørsmål frå utvalet. Prosjektleiar Jan Egil Halbjørhus orienterte om plassering av barnehagen og skolehagen.

Forslag frå Sp:

Forslag 1 - tillegg i vedtak knytt til reguleringsplan

"Før detaljregulering vert lagt ut å høyring vert følgande endringar gjort:

1. *Kart: På vestsida av gangvegen vert grøntkorridor akua til 15m for å inkludere sykkelstigen.*

Argument:

Per no vert sykkelstigen inkludert i arealet for tenesteyting (raud) som går heilt inn til gangvegen. På vestsida av gangvegen bør grøntkorridoren vere 15m slik at sykkelstigen kjem i denne korridoren. Stigen er eit viktig tiltak som me har fått støtte til, og Gol har praksis i frå reguleringsplanar på fjellet at opparbeida stigar og løyper vert vist med eigen formålsfarge. Det er opp til administrasjonen om anna formålsfarge skal nyttast.

2. *Kap 3.1.4, Parkering, i Planbestemmelser vert justert for å opne for at parkering kan leggjast utanfor reguleringsområde.*

Argument:

Slik ordlyden er står det at det skal settast av plass til parkering til dei ansatte innanfor område. Vidare antyder planbeskrivelsen 40 arbeidsplasser, som med 0,8 p-plass per arbeidsplass vert 32 parkeringsplasser! Dette er ikkje innarbeida i vedlagt landskapsplan eller køyremønster-teikning. Det er unormalt at ein reguleringsplan ikkje legg til rette for parkering på eige område, men det er vår strategi ut i frå at me eig parkeringsplassen ved GIA og me meiner den kan nyttast. Derfor bør dette komme særskilt fram i planføresegnene slik at det ikkje vert tvil om det seinare.

3. *I kap 3.2.4, Avkjørsel, vert siste setning sletta.*

Argument:

Ordlyden samsvarar ikkje med vedlagt teikning for køyremønster. Teikning viser gjennomkøyring slik det er i dag og som truleg er den beste løysinga i framtida og. Det som kan vere aktuelt er at renovasjonsbil har lov til å køyre ut i austre ende av parkeringsplassen, men då må dette skiltast særskilt."

Desse hadde ordet: Jon Anders Hefte, Herbrand Jegleim, Karianne Østro, Helge Anders Feet, Torhild Barlaug.

Votering:

6-1 (Herbrand Jegleim (Sp) stemte mot)

Vedtak

Kommunen legg med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-10 ut framlegg til detaljregulering for barnehage og avlastningsavdeling Hallingmo ut på høyring og offentlig ettersyn.

